



MØTEINNKALLING

Utval: Formannskapet – ekstraordinært møte
Møtestad: Formannskapssalen Herøy rådhus
Dato: 15.11.2017
Tid: 14:30

Melding om forfall til tlf. 70081300.

Forfall til møte i kommunale organ skal vere gyldig i hht. Lov om kommuner og fylkeskommuner § 40, nr. 1.

Varamedlemer som får tilsendt sakliste, skal ikkje møte utan nærare innkalling.

Fosnavåg, 13.11.2017

Camilla Storøy
Fung. ordfører

SAKLISTE:

Saksnr	Innhold
PS 179/17	Godkjenning av innkalling og sakliste
PS 180/17	Protokoll fra førre møte
PS 181/17	Forskottering av Fosnavåg hamn - uttale til budsjettprosessen i Stortinget 2018.

PS 179/17 Godkjenning av innkalling og sakliste

PS 180/17 Protokoll frå førre møte



Utviklingsavdelinga

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar:	JMM	Arkivsaknr:	2013/508
		Arkiv:	K24

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
181/17	Formannskapet	15.11.2017

FORSKOTTERING AV FOSNAVÅG HAMN - UTTALE TIL BUDSJETTPROSESSEN I STORTINGET 2018.

Tilråding:

Herøy kommunestyre ønskjer eit sterkt samarbeid mellom fleire partar slik at vi saman kan bidra til at prosjektet Fosnavåg hamn vert realisert.

Herøy kommunestyre meiner at ein ikkje har prioritert rett i nasjonal transportplan 2018-2029 med omsyn til utvikling av fiskerihamner. Prosjektet Fosnavåg hamn står i ei særstilling i forhold til andre hamner med omsyn til aktivitet og moglegheiter for utvikling regionalt, nasjonalt og internasjonalt.

Herøy kommunestyre vil signalisere at ein vil stille seg positiv til å vurdere å forskottere prosjektet på bakgrunn av signal i Transport og kommunikasjonskomiteen og opposisjonen på Stortinget sine merknader til Fosnavåg hamn.

Herøy kommunestyre ber om at Transport og kommunikasjonskomiteen arbeidar fram, saman med regjeringa, ei moglegheit til å forskottere prosjekt knytt til fiskerihamner i periode 01012018 til 01012020.

Særutskrift:
Transport og kommunikasjonskomiteen, Stortinget
Møre og Romsdal Fylke
Kystverket
Fosnavåg pelagic

Vedlegg:

Samandrag av saka:

Fosnavåg hamn står i ei særstilling i forhold til andre hamner med omsyn til aktivitet og moglegheiter for utvikling regionalt, nasjonalt og internasjonalt.

Herøy kommunestyre vil signalisere at ein vil stille seg positiv til å vurdere å forskottere prosjektet på bakgrunn av signal i komiteen og opposisjonen sine merknader til Fosnavåg hamn.

Fosnavåg hamn er definert som ei strategiske viktig hamn langs kysten !

Saksopplysningar:

Innleiing

Herøy kommunestyre ønskjer eit sterkt samarbeid mellom fleire partar slik at vi saman kan bidra til at Fosnavåg får:

- Ei rein hamn – stor miljøgevinst
- 50 nye heilårsarbeidsplassar
- 100 mill.kr i private investeringar i lokal fiskeindustri
- Spanande byutviklingsprosjekt for ny vekst og utvikling

Vår målsetjing er ei framtidsretta fiskerihamn som er funksjonell med god djupne og ei hamn som er fri for miljøgifter !

Kommunen sin fiskeriposisjon i Noreg er leiande og Fosnavåg hamn er definert som ei strategisk viktig hamn langs kysten. Herøy kommunestyre ber primært om at prosjektet *Fosnavåg hamn* vert prioritert fram med ei oppstartsløyving i 2018 på 20 mill.kroner

Vi ser utfordringane med å kome i posisjon med dei prioriteringane som ligg til grunn i NTP 2018-2029. Herøy kommunestyre meiner at ein ikkje har prioritert rett med omsyn til utvikling av fiskerihamner. Fosnavåg hamn står i ei særstilling i forhold til andre hamner med omsyn til aktivitet og moglegheiter for utvikling regionalt, nasjonalt og internasjonalt.

I lys av den vanskeleg situasjonen som ein har kome i stiller Herøy kommunestyre seg bak dei signala som fleirtalet i transport- og kommunikasjonskomiteen gjev i Nasjonal transportplan 2018–2029:

Komiteens flertall, medlemmene fra Høyre, Fremskrittspartiet, Kristelig Folkeparti og Venstre, viser til at flere kommuner og fylkeskommuner har ytret ønske om å forskuttere

investeringer i havner og farledstiltak prioritert i denne planen. Flertallet er i utgangspunktet positive til lokal forskuttering, og vil anmode regjeringen om å være imøtekommende til slike forslag. Flertallet viser til at forskuttering av tiltak innebærer at samfunnet raskere får utløst nytteeffektene av tiltaket. Flertallet mener en eventuell overføring av ansvaret for fiskerhavner ikke skal komme i veien for lokal forskuttering av utbyggingen.

Herøy kommunestyre vil vise til kommunen sin posisjon i havnasjonen Norge der flåten i kommunen fiskar om lag 9 % av Noreg sitt fangstvolum (norskfanga fisk, førstehandsomsetning). Ei nedprioritering av investeringar langs kysten og aktive fiskerihavner som ein finn i Fosnavåg vil vere kortsiktig og underbyggjer ikkje ei nasjonal verdiskaping i fiskerinæringa slik vi ser der. Kommunesenteret Fosnavåg er ein spanande stad med ei rekkje verksemder som i samspel underbyggjer eit livskraftig samfunn. Fiskeri og næringar knytt til fiskeri er grunnpilaren.

Forskottering

Herøy kommunestyre vil signalisere at ein vil stille seg positiv til å forskuttere prosjektet på bakgrunn av signal i komiteen og opposisjonen sine merknader til Fosnavåg hamn. Vi er ein aktiv aktør i å tilrettelegge for næringslivet slik at næringslivet kan utvikle seg til å vere i front på sine felt både nasjonalt og internasjonalt. Tydelege og forutsigbare signal til næringsaktørene er avgjerande for å sikre investeringar framover.

Modellen som Herøy kommunestyre har vurdert er ei deling av kostnadar mellom fleire partar der stat, miljødirektoratet, kommune og private vil vere sentrale aktørar. Herøy kommunestyre meiner at denne ordninga må gjelde etablerte prosjekt lik Fosnavåg hamn og i tidsrommet 01012018 til 01012020. Tilbakebetaling til kommunen skjer primært ved :

A

direkte over statsbudsjettet før myndighet vert overført til dei nye regionane den 01012020 eller

B

seinast 5 år etter at myndighet er overført til dei nye regionane*.

*Dersom ein vel ein modell med å skyve ut tilbakebetaling av forskottering utover 01012020 bør midlar til fiskerihavner vere øyremerka for å innfri desse forskotteringane som det er inngått avtale om før 01012020.

Forskottering av Fosnavåg hamn

Hovudføresetnadar for forskottering for Fosnavåg hamn er at:

- ein kjem i posisjon til å starte prosjektet i 2018/19
- kystverket prosjekterer og har utførelse for prosjektet fram til ferdigstilling
- regionen tek over forpliktelsene som Kystverket har lagt til grunn ved realisering (miljøovervåking, deponiansvar, alle forhold som er avklart mellom kommune og Kystverket fram til dags dato og eventuelle pålegg frå myndigheter i prosessen framover til ferdigstilling mm.)
- prosjektet i Fosnavåg får miljøtilskot som finansierer ein andel av prosjektet
- tilbakebetaling av forskottering vert fortrinnsvis etter modell A eller B som vist ovanfor.

Størsteparten av kostnadar knytt til prosjektet i Fosnavåg hamn er kostnadar knytt til handtering og lagring av forurensa masser i hamnebassenget. Etter kommunen sine opplysningar (kystverket sine uttalelsar) er det ei fordeling av kostnadar på 15-20 mill.kr til mudring og 75-80 mill.kr til handtering av forurensa masser. På bakgrunn av dette har Herøy kommunestyre satt opp ei mogleg finansiering på 100 mill.kr slik:

- Kommunen forskutterer staten sine kostnader 50 mill.kr (utdjuping, oppmerking, 29,5 % andel deponi, 50% av byggherrekostnader og reserve)
- Miljødirektoratet 41 mill.kr (70,5% andel deponi, 50% av byggherrekostnader og reserve)
- Herøy kommune investerer 9 millioner direkte i prosjektet*
- Private dekkjer deler av kostnadane med omsyn til ferdigstilling av toppareal
- Nye kaier vert finansiert av private, kostnadsnøytralt for kommunen

*eks. tilrettelegging, grunnnerv, toppdekke, mudring mot kaier mm.

Forskottering må skje ved hjelp av ein avtale som byggjer på etablerte forprosjekt med kostnadsalkyler som eksempelvis Kystverket har i sitt underlag i Fosnavåg hamn. Fokus på metodikk, beregningsmetode og kostnader eks.mva og administrasjon er sentrale element i grunnlaget.

Kommunen sine kostnader og økonomiske forpliktelser vil vere slik:

Forskottering 50 mill.kr til 01012020 omlag 1 mill.kr x 2 år
 Forskottering 50 mill.kr til 01012023 omlag 1 mill.kr x 5 år
 9 mill. kr i direkte investeringar i prosjektet med ei avskrivningstid på 30 år gir desse årlege verknadene for kommunen omlag 180 000 kr i renter og 300 000 kr i avdrag

Med dette som bakgrunn legg Herøy kommunestyre til grunn, som fleirtalet i komiteen, at ein kan sikre ei raskare utbygging av Fosnavåg hamn og ei raskare utløyning av nytteeffektar ved prosjektet.

Herøy kommunestyre ber om at komiteen legg til rette for utvikling av Fosnavåg hamn som vist ovanfor.

Vurdering og konklusjon:

Rådmannen rår til at Herøy kommunestyre signaliserer at ein vil stille seg positiv til å vurdere å forskottere prosjektet på bakgrunn av signal i Transport og kommunikasjonskomiteen og opposisjonen på Stortinget sine merknader til Fosnavåg hamn.

Fosnavåg, 13.11.2017

Olaus-Jon Kopperstad
Rådmann

Jarl Martin Møller
Avd.leiar

Sakshandsamar: Jarl Martin Møller